

Varsel om oppstart av planarbeid – utviding av reguleringsplan for Hellestad sandtak

Dato 13.03.2020


I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 sendes det ut varsel om oppstart av utviding av privat detaljregulering for Hellestad sandtak i Bø i Midt-Telemark kommune, planID 202003.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utviding av pukkverket nordaust i området. Sandtaket og dei andre delane av planområdet samt drift av desse vil ikkje bli påverka.

Planområdet er i alt på ca. 419 daa. Utvidinga av gjeldande reguleringsplan utgjer ca. 93 daa. Endeleg planavgrensning vil bli avklart i planarbeidet. To alternative avgrensingar for utvidinga blir vurderte. Begge vil gi i underkant av 2 millionar m³ massar. Dei ulike alternativa kan sjåast her:

Rambøll
Hoffsveien 4
Postboks 427 Skøyen
0213 Oslo

T +47 22 51 80 00
F +47 22 51 80 01
<https://no.ramboll.com>



Området som er ønska brukt til utvidinga, er regulert til LNF i kommuneplanen. Planarbeidet er følgjeleg ikkje i samsvar med overordna plan. Kommunen har satt i gang arbeid med rullering av kommuneplanen. Prosessen vidare er at planen skal til førstegongs handsaming hausten 2020. Kommunen har konkludert med at konsekvensutgreiing av tiltaket og dei to alternativa blir gjennomført i forbindelse med rullering av kommuneplanen.

Merknader og synspunkt til planarbeidet kan rettast til Rambøll Norge AS v/Andrea Birch-Aune Marthinsen innan **23.04.2020** til:

Rambøll Norge AS v/Andrea Birch-Aune Marthinsen
Pb 427 Skøyen
0213 Oslo
Eller pr. epost til andrea.marthinsen@ramboll.no

